

[syngje]

*Da e den finaste tida på året,
nissen er begynt å verta tynn i håret
Eg skulle ha vore ute å leika i regn,
men eg vil heller spele på slurva di under misteltein*

*Ho ho
Rote med deg*

*Ho ho
God jul i september,
Kva blir neste steg?*

No e det juuul igjeeen...

(Flee Flaaa Flaaaa)

[ferdig å syngje, over til radiostemme]

*Du høyrer på r-r-r-r-r-r-r-r-r-r-r-r-r-r-r-r-r-r-radio Haugaland 204 MEGAHERTZ.
Me spelar dei mest ALTERNATIVE julelåttane ut HEILE sesongen!*

[ferdig med radiostemme]

Heile sesongen.

Du sit i bilen. I kveld er det sjølvaste julaftan. Og du har nettopp skrudd av radioen i eit forsøk på å boikotte den same jævlege julemusikken som du har høyrd på i tre månedar i strekk. Du kjenner at dersom det kjem enda ei Bing Crosby låt er det rett før du Mele Kalikki-KLIKKER!

Dette skulle jo vere dagen du hadde gleda deg til. Den 24 dagen i advent. Dagen då den største sjokoladen i kalenderen skulle sprettast. Dagen då akevitten skulle brukast som oralt glidemiddel i kampen mot pinnekjøttet. Dagen for utlevering av gåver du eigentleg ikkje hadde råd til, og sist men ikkje minst, dagen då julestemninga endeleg skulle bli servert... Men ho kjem aldri, gjer ho?

Du hugsar ho frå du var liten, men jula er ikkje det ho ein gong var. Jula har blitt eit varemerke, og dette merket sel godt.

Dagsavisa spådde i fjor at me nordmenn kom til å bruke 51 milliardar på nettopp julefeiring. Ei undersøking Ipsos gjorde for DNB viser at kvar nordmann planlegger å bruke over 12.000 på årets julefeiring – ei auking på 10 prosent berre frå i fjor.

I månadsskiftet september – oktober rullast jula inn i norske butikkar. Kakemenn, julebrus og baby-Jesusar. Kva er dette?

Frå 1. oktober er det 84 dagar til jul.

Det er då ikkje RART ein jaktar på julestemninga utan hell, når me får jula trøkt ned i halsen ¼ av året, FØR jula i det heile har begynt!

Eg meiner ein bør tenkje kvalitet framfør kvantitet når det kjem til julefeiring.

Kva er jul for deg?

For meg er det glede.

Eg likar å tru at jula skal vere romantisk og koseleg.

Det å kunne fyre opp i peisen ein kald vinterdag etter ein lang dag i bakken, lage seg ein kopp deilig kakao, kanskje med ein liten dert eggelikør øvst i glaset, for å så slå seg ned i sofaen med familien for å sjå «Hovmeistaren og grevinna», «Mikkes jul» eller «Tre nøtter til Askepott».

Dette er ei høgtid for refleksjon og samhald, der ein burde jekke ned alle krav og i det heile forventningar til kjøpepress og gåver, piska opp av ein industri som berre er ute etter ein ting: å tene meire pengar!

Så når du ser den pakka med kakemenn eller julebrusen på butikken, sjekk kva månad du faktisk er i. Gå forbi dersom det ikkje er desember!

Avtal max-beløp som dykk kan bruke på gåver til kvarandre. Ei gåve handlar tross alt om tanken bak.

Og prøv å ikkje ta det så alvorleg. Heime hos meg har me vorte einige om å droppe finstasen på julekvelden. Me skal heller kaste på oss dei styggaste julegensarane me har med matchande pysjbukser, og fokusere på å vere SAMAN.

Dersom mange nok av oss gjer små ting som dette, lærer kanskje industrien at me ikkje ynskjer ei jul til 55 milliardar og som startar i føkkings september. Og kanskje me då vil finna tilbake til den etterlengta julestemninga?

Så la meg få teikne eit bilete, av deg. Du er i bilen på veg heim, og det er sjølvaste julaftan. Radioen er peila inn på Radio Haugaland 204, men når du høyrer julemusikken strøyme mot deg, kjenner du ikkje irritasjon, men glede over det som skal kome;

Jul.

Krister Dyrkolbotn, Knarvik VGS